
Fra: Atle Bergseth [mailto:atle_bergseth@yahoo.no]

Sendt: fredag 25. mai 2018 11:40

Til: Reidun Elin Johannessen

Emne: Uteskule Håøy og Flatøyosen

Hei igjen!

Takk for at du ringte og for hyggelig tlf.samtale ang uteskule.

Sjå elles vedlegg.

Vil svært gjerne ha møte i løpet av nærmaste framtid ang saka.

Møte med oppvekstsjefane i Meland, Lindås og Radøy vil vera fint.

Og viktig å få med Kjell Magnus Økland som er leiar for kystsovevekene i Hordaland.

Han har mykje kunnskap om korleis vi kan få dette til økonomisk, stønadsordningar m.m.

Som uteskuleprosjekt som knytter band mellom kultur historie og naturfag vil dette på fleire måtar bli eit pilotprosjekt. Naturfagdelen vil i stor grad ha fokus på mangefaldet i det marine miljø og vern av dette, men og på livet på land, plantliv i skog, mark og eng, fuglar dyr, insekt etc.

På Håøy er det og aktuelt med idrettslege aktiviter på dei store flate markane, "stevneplassen" men og i skogen t.d. orientering. (O-kart er allereide utarbeidd av IL Kvernbit o-gruppa)

Norhordland Padleklubb sine ressursar er og mogleg å få med til kajakk og kanopadling.

Deler av uteskuleprosjektet kan tidvis forflyttast til andre stader i den nye storkommunen, t.d til Rosslandsvågen, Rylandsvassdraget og Storavatnet i Meland, Manger og Hallandsvatnet i Radøy, Dyrkolbotn leirskule og andre stader ved sjø og vatn i noverande Lindås kommune.

Men sjølve hovdbasen er tenkt ved Flatøyosen og Håøy sidan det her er svært mange skular/skuleklasser som "soknar" til området, og deler av uteskuleopplegget også kan nyttast som opplegg for seniorer, pensjonistar, innvandrargrupper og i turismesamanheng om sommaren.

Eg har hatt kort uformell muntleg samtale med rektor på skulane i Knarvik, Frekhaug område.

Dei har alle uttrykt stor interesse og bede meg å ta kontakt med skuleadministrasjonen for å bringe saka vidare. Ordførar i Meland Øyvind Oddekalv eg og informert. Uteskule blei også framsett som eit av fleire alternativ for aktivitetar knytt til Håøy i samband med møte med kommune og BOF (Bergen og Omland Friluftsråd) 7. mai. Dette møte gjaldt særleg istandsetting av Komandantboligen på Håøy som BOF kan skaffe pengar til å restaurere.

Ang. bruk tradisjonsbåter i skulesamanheng er dette prøvd ut med stor suksess i Danmark, m.a. med norskbygde Oselvarbåtar knytt til den aktive delen av Vikingeskipmuseet i Roskilde i Danmark.

Sjølve handverket, båtbygginga er på UNESCO sin liste som verdensarv. Kulturoverføring av denne arven til nye generasjoner vil og vera viktig del av uteskuleprosjektet.

Håper dette er av interesse

Mvh

Atle Bergseth

leiar gruppe roing og segling IL Kvernbit